

AUGUST, 2023

OKOS- nytt



Stille før "stormen" på yrkesmesse. [Sjå video](#)

Malene Hovland Vie (OKOS)
Hans-Børge Lillehaug (OKOS)
Elias Heggestad Vie (lærling)

REKRUTTERING AV LÆRLINGAR

Vi er i slutfasen med rekruttering av nye lærlingar. Så langt har 38 lærlingar fått læreplass. Totalt er det meldt inn 47 læreplassar frå våre [medlemsbedrifter](#). Opplæringskontoret er i kontakt med aktuelle kandidatar til desse plassane. Godkjente lærekontrakter vert fortløpande sendt til administrativ kontaktperson i bedrifta.

FAGPRØVEN

Juni-september er "høgseseong" for fagprøveavvikling. Det er difor viktig at ein er tidleg ute i alle ledd for at lærlingen skal kunne gjennomføre prøva så nært opptil utløpsdato som mogeleg. OKOS melder kandidatane opp til fagprøva ca. 5 månadar før utløpsdato etter å ha kontrollert fråvær, logging, fullførte e-læringskurs og andre kurs og samlingar. Tidspunkt for gjennomføring av fagprøven i løpet av dei siste 3 månadane vert avtalt mellom kontaktperson og prøvenemda direkte.

Så langt i år har 31 stk bestått fagprøven, der 19 av dei besto mykje godt. Ytterligere 10 stk skal opp til si fagprøve denne høsten. Kandidatar som skal opp til fagprøve i BUA og HEA 2024 vil på nyåret bli innkalla til eit informasjonsmøte med prøvenemda i faga.

UTPLASSERING UTLAND

3 lærlingar i BUA gjennomførte våren 2023 utplassering i Tallinn som del av Erasmus+ programmet, verdens største utdanningsprogram. Du kan lese meir om utplasseringa denne våren [her](#).

Vi arbeider for tida med å få finansierte kostandane til reise og opphald for nye utplasseringar i samarbeid med våre partnerar i Estland og Tjekkia. Målet er å utplassere ei gruppe på 2-4 lærlingar våren 2024.

HA EIN FIN HAUST!

Nye kurs

Introsamling nye lærlingar

Helse 4. september
BUA 5. september
Helse 29. september

Førstehjelpskurs

BUA 4. september
Helse 5.-6. september
Helse 2.-3. oktober

Instruktørkurs

Helse 18.-19. september
BUA 19.-20. september

[Info og påmelding](#)

Lærlingtilskot

Omlag 2 millionar vert i september 2023 utbetalt til dekking av bedriftene sine opplæringsutgifter for 1. halvår.

Lærlingtilskot 2. halvår vil auke med 2,4 prosent.

[Les meir her](#)

Aktuelle lenkjer

[Vurderingssamtale](#)

[Lærlingombod](#)

[Praksiskandidatordninga](#)

[Erasmus+](#)



www.okosweb.no